



Stjernebilette

Mål: Skaparglede, engasjement og utforsking. Respekt for naturen. Tverrfagleg kompetanse.

Utstyr: Dorullar, ein bit aluminiumsfolie, ein mal til Karlsvogna, ein strikk, ein svart tusj, ei knappnål, kvit og blå akrylmåling, ein pensel, stjerneklistremerke, ei lommelykt.

Ifølgje Bibelen såg tre vismenn ei heilt ny stjerne som synte seg på himmelen. Denne følgde dei og fann Jesusbarnet. Dei fleste stjernene vi kan sjå på himmelen, er veldig gamle. Ei stjerne kan verte meir enn 10 milliardar år gammal. Kva tykkjer de er fint med stjerner?

Karlsvogna er eit stjerneremønster som vert danna av dei sju mest lyssterke stjernene i stjernebiletet Store bjørn.

Lag din eigen stjernekikkert

Mål dorullen blå med litt kvit og blå akrylmåling. La det tørke. Ta folie rundt toppen av eine dorullenden og tett att opninga. Deretter legg du malen med stjernebilette på folien som dekkjer opninga av rullen, og stikk hol med ei knappnål på kvar prikk. Fest folien betre med ein strikk. Skriv namnet på stjernebiletet på kikkerten og pynt med stjerneklistremerke. Dersom du lyser med ei lommelykt inn i den opne enden av kikkerten, vil du sjå stjernebiletet på bakken. Hugs at dersom du vil lage verkelege stjernebilette, må du lage dei spegelvende på stjernekikkerten for at det skal verte rett når du lyser mot bakken.

